



Dei to laga på eit brett.

Mandag kveld spelte Uskedalen sitt framgangsrike G12-lag den siste og mest prestisjefylte kampen for i år. Etter ein haust der lag i heile Kvinnherad og store delar av Sørfjorden har måtta bite i graset, var tida no inne for det store slaget mellom fedre og søner.



Sønene var overlegne, - også i taktikkpraten.

Fedrene møtte tidleg opp. Tydeleg nervøse for det dei hadde i vente vart dei ståande ubehjelpelige kring midtsirkelen og utveksle trøystande ord, som om det ville døyve smerten ved den nært førestående fadesen. Einkvan sa noko forsøksvist morosamt, og alle lo med ein latter som låg heilt på grensa til gråten. Det dryssa med støv frå treningstøy som var topp moderne – i 1980.

Etter ei kort oppvarming, blåste domaren kampen i gong, og forferdelege scenar utspant seg på den grønne matta. Det knirka i ledd og det rykka i gamle muskelfeste når dei gamle menn forsøkte å halde tritt med 12-åringane som sverma rundt dei, og det var berre å innsjå at siste rest av ære var i ferd med å forsvinne. Fedre låg strødd langs bana, tydeleg svimle av å måtte snu seg så fort etter ballen. Kvar gong ein av dei gjekk over ende, gjekk det eit sus gjennom mødrene på sidelinja: vil han nokon gong reise seg att? Det einaste som stod mellom fedrene og den komplette katastrofa, var gutane sin ineffektivitet føre mål kombinert med ein sjarkfiskar som har brukt dei siste 40 åra på å kaste bort keepertalentet sitt på sjøen. Etter dei første 5-10 minuttane var fedre-laget tomt for krefter, og resten av kampen står som ei kraftig åtvaring og ei påminning om kor viktig det er å halde seg i form når ein tek til å dra på åra.

Då domaren endeleg bles kampen av, hadde 12-åringane skåra 5 mål, i tillegg hadde dei i rein medynk gjeve sine faderlege opphav 2 trøystemål for å bevare den gode stemninga.

Tekst: Bjørn Olav Tveit
Foto: Janne G. Hjørnevåg
Nett: Thor Inge Døssland